

Rutine for oppstart av studentprosjekt under personopplysingsloven

Retningslinjer for forskning med personopplysingar	
Dokumenteigar: Behandlingsansvarleg	Lagt fram for Forskingsutvalet: 18.06.2020
Dokumentansvarleg: Forskingsadministrasjonen	Godkjent av direktør: 16.06.2020
Gyldig for: Student, rettleiar og emneansvarleg	Versjon: 1
Regulert av: Personopplysingsloven, Forskningsetikkloven	

Formål

Formålet med rutinen er å sikre at oppstart av alle studentprosjekt ved HVO er i samsvar med Lov om behandling av personopplysingar (personopplysingsloven) og generelle forskningsetiske omsyn i tråd med Lov om organisering av forskningsetiske arbeid (forskningsetikkloven).

Det å behandle personopplysingar omfattar innsamling, registrering, oppbevaring og eventuell samanstilling/analyse eller utlevering av personopplysingar. Alle prosjekt som behandlar personopplysingar er omfatta av personopplysingsloven.

Rutinen er gjeldande for bachelor- og masterprosjekt ved HVO som behandlar personopplysingar. For bachelorprosjekt der emneansvarleg har meldt prosjektet til NSD gjennom ei [felles vurdering](#) vil enkelte av punkta i rutinen falle frå. Mindre oppgåver og arbeidskrav som behandlar personopplysingar går i utgangspunktet ikkje inn under desse rutinane. Det vil vere opp til emneansvarleg, i samråd med personvernombod, å sikre at gjennomføringa av desse ikkje bryt med lovverket.

Gjennomføring

- Signer evt. rettleiingskontrakt med rettleiar
- Utarbeid ei prosjektskisse der formålet med prosjektet kjem klart fram.
- Vurder i samråd med rettleiar kva personopplysingar som er naudsynte å behandle i prosjektet. Pass på å ikkje registrere unødige personopplysingar, jamfør personvernprinsippet om dataminimering. NSD – Norsk senter for forskingsdata, som er Høgskulen i Volda si personvernteneste for forskning, har tips til korleis ein kan [gjennomføre eit prosjekt utan å behandle personopplysingar](#). Om det er tvil kring kva som kjem inn under definisjonen personopplysing, kan ein ta [meldetesten](#) eller kontakte ein rådgjevar hjå NSD.
- Fastsett rettsleg grunnlag. All behandling av personopplysingar må ha eit [behandlingsgrunnlag](#) for å vere lovleg. For dei fleste studentprosjekt vil behandlingsgrunnlaget vere samtykke frå respondentane til behandling av personopplysingar. Alternativet er å nytte til dømes Artikkel 6 (1)e) som behandlingsgrunnlag, men ein må då ha eit supplerande rettsleg grunnlag i nasjonal lovgiving, avhengig av prosjektets formål (som til dømes Personopplysingsloven § 8).
- Utarbeid informasjonsskriv og evt. [samtykkeerklæring](#). Det er ikkje noko krav om at dette må vere skriftleg, men det er anbefalt sidan ein skal kunne dokumentere at samtykke er gitt.
- Legg ein plan for sikker behandling av personopplysingane i alle ledd av prosjektet. Dette omfattar innsamling via trygge kanalar, registrering, overføring, behandling, lagring undervegs i prosjektet og arkivering eller sletting etter prosjektslutt. Ein [datahanderingsplan](#) kan vere eit godt hjelpemiddel til dette. Rettleiar skal hjelpe studenten med å klassifisere

informasjonen som blir handtert i prosjektet, og å velje godkjende tekniske løysingar i høve til HVO sin lagringsguide (under utarbeiding av Sikkerheitsgruppa).

- Prosjektskissa, inkludert datahandtering (evt. datahandteringsplan), må vere godkjent av rettleiar før oppstart av prosjektet.
- [Meld prosjektet](#) med naudsynte vedlegg til NSD i god tid og seinaste 30 dagar før datainnsamlinga skal starte. Studenten skal alltid dele meldeskjemaet med rettleiar. Dette gjerast ved å gå på «Del prosjektet» øvst til venstre i meldeskjemaet, «Inviter brukar» og legg til e-post for rettleiar. Rettleiar har ansvaret for å kontrollere at prosjektet er meldt og vurdert, men det er studenten sitt ansvar å fylle ut og sende inn meldeskjema.
- NSD skal ha gitt ei vurdering av prosjektet før innsamlinga av forskingsdata kan byrje. Om det undervegs i prosjektet blir gjort endringar som kan få følgjer for vurderinga av om prosjektet innfrir krava i personvernlovgivinga, må studenten [melde frå om endringa](#) til NSD.
- Når punkta ovanfor er oppfylt kan studenten gå i gang med behandlinga av personopplysingar.

Dokumentasjon

Fullstendig protokoll over all behandling av personopplysningar i forskings- og studentprosjekt ved HVO blir henta frå NSD sitt Meldingsarkiv.